

# Kjønnsroller og likestilling på Agder – eit historisk perspektiv

Anne Tone Aanby

## Innleiing

Kva viser Agders historie om kvinner og likestilling? Nyare undersøkingar viser at Agder i dag skil seg negativt ut når det gjeld likestilling i arbeidslivet. Denne artikkelen tar føre seg kjønn og likestilling i eit historisk perspektiv. Eg baserer meg på materiale frå Aust-Agder, og avgrensar meg til punktundersøkingar i den før-industrielle tida, dvs. 17- og 1800-talet. Eg skal vise eksempel både frå bondesamfunnet og borgarskapet. Det er berre spreidde eksempel eg kan trekke fram. Likevel vil eg gjøre eit forsøk på å trekke liner. Målet er å vise indikasjonar på at ein ikkje kan slå fast at arbeidslivet på Agder i tidlegare tider har vore til hinder for likestilling. Og med likestilling i arbeidslivet meiner eg ei felles forståing frå både menn og kvinner om at kvinnene kan gå over på mannens arena i arbeidslivet når tilhøva ligg til rette for det.

Er synet på likestilling i arbeidslivet konjunkturavhengig? Min hypotese er at synet på likestilling i arbeidslivet for agderkvinnene både var og er konjunkturavhengig. I økonomiske oppgangstider, og når forholda elles har lege til rette for det, har det vore kultur på Agder for kvinneleg deltaking i eit arbeidsliv som elles har vore mannsdominert. Dette er også i samsvar med eit allment kjent trekk som særleg er framheva i litteraturen: Kvinner er nyttige og ønskte i produksjonen i krigstider, men det kan vere ein uvilje mot å sleppe kvinner til på arbeidsmarknaden når mange menn går ledige utan arbeid.

Slutten av 1700-talet var ein økonomisk oppgangperiode for Nedenes amt og ein gullalder for Arendal by og omlandet. Dei store sjøfartsnasjonane var i krig samstundes som dansk-norsk utanrikspolitikk bygde på nøytralitet. Dette betydde eit enormt oppsving for norsk handel og sjøfart, spesielt skipsbygging, trelasthandel og jerneksport. Det var fire jernverk på Nedenes-kysten. Regionen kunne levere varer som krigsnasjonane trong, og varene blei frakta med eigne skip. Oppgangstidene forplanta seg også til andre næringar. I byane på kysten voks det fram rike handelshus og eit sterkt borgarskap. Og spørsmålet er: Korleis var tilhøva for kvinnene i Aust-Agder i denne perioden? Neste spørsmål blir kva som skjedde då nedgangstidene råka Aust-Agder først på 1800-talet. Endra det tilhøva for kvinnene? Ein ny gullalder for Arendal by og omlandet fekk fotfeste på slutten av 1800-talet. Kan ein i denne perioden sjå same mønsteret for kvinneleg deltaking i arbeidslivet som på slutten av 1700-talet?

## «Det annet kjønn»

Dersom vi skal vurdere likestilling mellom kjønn i arbeidslivet, er det god grunn for å trekke fram Simone de Beauvoirs tankar i boka *Det annet kjønn* frå 1949 (Beauvoir 2000:812–826). Ho hevdar at ein mannleg samfunnsorden sørger for at kvinner ikkje kan gjøre noe med at kvinna er avhenging av mannen. Det nødvendige samarbeidet om oppgåver som heim og barn gjør at kvinna ikkje kan bryte ut av undertrykkinga, men må underordnast «patriarkatets samfunnsorden og verdier». Kvinner kan derfor ikkje som andre undertrykte grupper utan vidare bryte banda til undertrykkaren når det er mogleg. Simone de Beauvoir hevdar også at det ikkje er noe naturbestemt over dette misforholdet mellom kvinner og menn, men heller at det er kulturelle forhold som ligg til grunn. Om dei to partane vil anerkjenne kvarandre som likeverdige og sjølvstendige subjekt, kan denne maktkampen ta slutt. Det er arbeidet som til slutt vil frigjøre kvinna. Dagens system der kvinna er avhengig av mannen som bindeledd mellom ho og samfunnet, vil bryte saman om det blir slutt på den økonomiske ufridomen kvinner har lidt under. Dette vil likevel ikkje skje ved at kvinner blir forskjellige frå menn, men ved at dei går saman med menn.

Ut frå dette slår Beauvoir fast at kvinneleg frigjøring og likestilling i arbeidslivet er bestemt av både kulturelle og økonomiske faktorar – og eit samarbeid med mannen der begge partar anerkjenner kvarandre som likeverdige for å lykkast.

## Likestilling og kjønnsarbeidsdeling på Agder i dag

Samfunnsforskar og stipendiat ved Agderforskning, May-Linda Magnussen, har gjort eit stort forskingsarbeid på kjønnsroller og likestilling på Agder i dag. Både kvalitative funn (intervju) og kvantitative funn (offentleg statistikk) har gjort det synleg at Agder på mange område skil seg negativt ut når det gjeld likestilling.

På Agderseminaret 2008 inviterte Magnussen til diskusjon om «Kjønnsroller på Sørlandet – regionale særtrekk?». Magnussen tok utgangspunkt i eiga forskning om likestilling og arbeidsliv på Agder, og stilte spørsmålet: «Hvorfor har kvinner på Agder en svakere tilknytning til arbeidslivet enn kvinner andre steder i landet?» (Magnussen 2005 og 2007). Ho slo fast at Agder utmerker seg spesielt ved ein svært høg del deltidsarbeid blant kvinner. Dessutan skårar agderkvinnene lågt på likestilling ut frå Statistisk sentralbyrås likestillingsindeks (Magnussen 2007:1–6).<sup>1</sup>

Bykommunane på Agder skårar særleg lågt på likestilling, byanes pendlingsomland endå lågare, men så stig det jo lenger bort frå kyststripa ein kjem. Magnussen trekte også fram at Agder er prega av mykje sekundærnæring og av kjønnsstradisjonelle yrkesval. Barnehagedekninga er låg, men stigande. Agder har tradisjonelle kulturelle trekk, som viser seg i blant anna politisk stemmegiving, familie- og samlivsstruktur, permisjonsuttak og religiøse haldningar. Regionen har få kvinner med lang og høgare utdanning. Dei religiøst aktive delane av befolkninga har meir tradisjonelle haldningar til kjønnsroller enn dei som ikkje er religiøst aktive.

Magnussen trekte desse hovudkonklusjonane:

---

1 Basert på Statistisk sentralbyrås likestillingsindeks 2007.

- På Sørlandet drar både struktur og kultur ofte i same retning.
- Tradisjonelle kjønnsroller er viktig for å forstå manglande likestilling.
- Dei tradisjonelle kjønnsrollene kan i alle fall delvis forklarast med haldningar blant regionens religiøst aktive befolkning.

Men kan manglande religiøs aktivitet forklare kvifor bygdekommunane ikkje har like tradisjonelle kjønnsroller? Vidare: Kan forskjell i hushaldsøkonomi og arbeidskultur frå gammalt av forklare noe?<sup>2</sup>

May-Linda Magnussen utfordrar historikarane ved å peike på at det kan vere historiske forklaringar på dei spesielle tilhøva på Agder. Ho legg som vist særleg vekt på religion, hushaldsøkonomi og arbeidskultur. Fordi Magnussen er samfunnsforskar og studerer likestilling i dagens samfunn der det blir lagt vekt på målbare einingar som t.d. barnehagedekning, og kvantitative undersøkingar ved hjelp av intervju, er det sjølv-sagt umogleg å gjøre samanliknbare undersøkingar i eit historisk perspektiv. Det er derfor vanskeleg å vise om Magnussen har rett når det gjeld historiske tilhøve som forklaringar. Sjølv om eg trur det er for enkelt å peike på historiske tilhøve som hovudforklaring på låg likestilling på Agder i dag, blir utfordringa mi å vise om det tidlegare har vore slik at kvinnene på Agder har skilt seg negativt ut når det gjeld likestilling i arbeidslivet.

## **Kvinnene i økonomiske oppgangstider på slutten av 1700-talet**

### **Jordbruk og skipsbygging, kvinnestyrte gardar**

I tiåra på slutten av 1700-talet var som nemnt skipsfarten ei vekstnæring. I eit skipsfartsamfunn er menn mykje fråverande, og dette gir rom for at kvinnene kan ta over mange leiarposisjonar på landsida når tilhøva ligg til rette for dette. Kvinnene tok leinga på gardsbruk der mennene var fråverande som sjøfolk. Vi finn òg ei samtidig vitneutsegn frå 1804, nedteikna av næringsøkonomen Christen Pram, som stadfestar at i sjøfarts-

---

2 PowerPoint laga av May-Linda Magnussen til Agderseminaret 2008.

relaterte næringar var mønsteret det same.<sup>3</sup> Han peika på skipsbygging som ei viktig næring på Nedeneskysten i si reiseskildring – eller næringsutgreiing om ein vil. Ikkje berre var det slik at det blei bygd skip og fartøy på bygdeverft omkring Arendal – og på eigne reiarverft i Arendal, men ei mengd folk som var opplærte her, reiste austover til Larvik, Tønsberg og Drammen for å bygge fartøy, skreiv han i 1804. Og gardsdrifta blei utført av «det hiemme efterladte Quindfolk». Altså var det kvinnestyrte gardar, sjølv om garden formelt var mannens eigedom. Kvinnene gjekk over på mannens arena og tok den reelle leiinga av drifta på garden, og dei styrte med hjelp av innleidd arbeidskraft.

## Eit kårsystem tilpassa Agderkvinner?

Ei rettssak på slutten av 1700-talet frå Fjære ved Grimstad viser ei kvinne som var i stand til å vinne fram i retten og få omgjort ein follaugskontrakt. Ingeborg Lien (1724–1804) kjente seg urettvist behandla av svigersonen og dottera si. I 1786 hadde Ingeborg skrive kontakt med «min kiære Andres Arnesen og hans ægtefælle, min kiære Datter Mashine Andersdatter». Alt ho eigde skulle dottera og svigersonen arve mot at ho fekk ein trygg alderdom. Alt var bestemt i minste detalj. Men det «kiærlige» forholdet kjølna fort. Allereie etter to år kalla ho inn vitne og sa opp kontrakten. Dette blei bare oversett. Men Ingeborg gav seg ikkje. Ho var villig til å gå til retten for å få omgjort avtalen. Derfor skreiv ho til sorenskrivar Finne i Kolbjørnsvik med krav om å få opp saka si.

I brevet kan vi lese kva klagen gjekk ut på: «I blind tillit stolte jeg paa min yngste Datter Mashine og hendes Mand Anders. [ ... ] De gav mig herlige Løfter og Tilsagn paa en kiærlig-ærbødig, en hyggelig og anstændig Maade.» Dersom ho gav frå seg garden på tri kalveskinn og det ho elles eigde, skulle ho få godt stell og pleie resten av livet. Ho skulle vere sikra ein god alderdom. Men etter to år kjente ho seg som i fengsel på sin eigen gard. Det hadde vore to redselsfulle år. Det gjorde ho vondt å fortelje og «stride mod sit eget Kiød og Blød». Men dei hadde brukt ein «uthelelig Mund imot mig» som ho helst ikkje ville gjøre kjent. Maten hadde vore

3 Kommersekollegiet. Produksjons og fiskerifaget. Nr. 1327. C.H. Prams reisebeskrivelse.

dårleg. Ho hadde ikkje sagt noe, «enskiønt De haver henkasted det til mig ved Kakelovns Krogen som jeg haver været en ringe Betler. Alt haver været laast og lukket for mig». Men det aller verste var at Ingeborg «som de flæste gamle bruger Snus-Tobak», og ho hadde ikkje fått pengar til å kjøpe det. Heller ikkje hadde ho fått sydd nye sko av eit kalvskinn som var boren av eiga ku. Ho hadde gått barbeint. Dette hadde « paaført mig Sorg og et svagt Lægeme». <sup>4</sup>

Sorenskrivar Finne kalla inn familien til møte i Kolbjørnsvik. Kontrakten blei oppheva. Mashine og Andres fekk løysingspengar og arvedel utbetalt. Dei flytta, og eldste dotter overtok garden. Kva fortel denne saka? Sorenskrivar Finne kunne ha avvist den gamle kvinna, sjølv om det er tydeleg at ho hadde sterke støttespelarar. Men saksframstillinga tyder på ein respekt for ei kvinne som hadde sjølvtilit nok til å nekte å gi seg (Aanby 1998:24–27). Dessutan er det eit anna moment. Kårssystemet i Øyestad prestegjeld, kalla fletføringsystemet, la kårtytingane på brukaren og ikkje på garden. Det er klart at dette systemet gjorde bruksdeling lettare for kystgardane i Aust-Agder (Aanby 1976:86). Men det tyder òg på at kvinner, som hadde eit slikt kår, sto friare og sterkare til å rå over eigen skjebne enn kvinner elles i bondesamfunnet. På den måten kan vi sjå saka til Ingeborg Lien som eit teikn på samtidas vørndnad for kvinner.

## «Rederinnenenes tidsalder», borgarskapets kvinner i Arendal på slutten av 1700-talet

Sorenskrivar Finne var embetsmann. Med nær kontakt til borgarskapet i Arendal var det uråd å ikkje ha respekt for kvinner på slutten av 1700-talet. Det var nemleg slik at enker og ugifte kvinner innan borgarskapet, med heimel i det allmenne lovverket, var myndige med rett til å utføre disposisjonar på eiga hand. Derimot var dei gifte kvinnene stilt under mannens myndigheit. Han hadde makt og mynde til å ta viktige avgjerder om formue og inntekt sjølv om det var kvinna som hadde hatt det med seg inn i buet. Når det gjeld borgarskapet i Arendal, gjeld dette ein elite som var interessant i nasjonal samanheng. Arendal var landets viktigaste

4 Dokumenter frå bnr. 1 Bjørnetrø i Fjære, eigar 1984 Kristian Nybro.

sjøfartsby på slutten av dette hundreåret. Dei store handelshusa domierte. På slutten av 1700-talet var heile sju av dei tolv største handelshusa styrt av kvinner (Sætra 1980:224–229). Som enker hadde dei formell rett til å styre desse handelshusa. Men det spesielle i denne samanhengen er at dei var mange, og at alle kvinnene også var dei reelle leiarane av handelshusa. Dei skreiv sjølv under på alle dokument.<sup>5</sup> I *Arendals Byes Historie* viser Frithjof Foss at desse kvinnene brukte makta si (Foss 1998). Dei overlét ikkje ansvaret for handelshusa til ein son eller ein annan mann. Dei lét seg heller ikkje freiste med eit raskt gjengifte for å få ein ny leiar inn i firmaet. Nei, madammene styrte sine hus sjølve. Og dei gjorde det faktisk så godt at ein periode på slutten av 1700-talet blei omtalt som «dei unge enkens tid», og «rederinna» var eit omgrep det sto respekt av i samtida.


Mest kjent er Cathrina Elisabeth Dedekam (1725–1799) (Sætra 1980: 224–229).<sup>6</sup> Ho blei enke etter Anders Dedekam i 1777, og styrte handelshuset Dedekam fram til ho dødde i 1799. Ho sette ikkje inn ein mann som leiar då mannen dødde, ho var den formelle og reelle leiaren som dreiv handelshuset i eige namn og skreiv sjølv under alle dokument.

Trelasthandel var den viktigaste inntektskjelda for borgarskapet i Arendal, og det var handelshuset Dedekam som kontrollerte 50 % av trelastomsetninga i Arendalsvassdraget. Kva meir veit vi om Cathrina Elisabeth Dedekam?

På slutten av 1700-talet var det turbulente tilstander i Arendal. Det kjente bondeopprøret, kalla Lofthus-reisinga etter føraren Kristian Loft-hus, hadde ebba ut. Men styresmaktene sette ned kommisjonar for å undersøke tilhøva i Nedenes amt. Bøndene hadde peika på den sterke monopolstillinga borgarane i Arendal hadde i Arendalsvassdraget, og at dei dikterte kjøp og sal av tømmer på ein uheldig måte. Særleg uåra i 1770- og 1780-åra hadde vist at dei utnytta stillinga si overfor bøndene i opplandet som leverte tømmer i bytte med korn. Den hovudtiltalt blant borgarane i Arendal var Cathrina Elisabeth Dedekam. Klagen på madam Dedekam gjekk ut på at ho hadde latt tømmeret gå i stå i Nidelva som eit middel for å skaffe seg kontroll og monopol i vassdraget. Ved å skape kaos

5 Arendal Trelasthandlers forhandlingsprotokoll 1789–1852, s. 1.

6 Opplysningane om Cathrina Elisabeth Dedekam er henta frå denne hovudoppgåva.



Utsnitt frå første side i protokollen til trelasthandlarane i Arendal, 1789. Tri av dei seks som skreiv under var kvinner.

i fløtinga, kunne ho skyve ut dei mindre trelasthandlarane. Dei var nemlig avhengige av å få tømmeret fram til utskipping innan rimeleg tid for å få sine trelastoppgjør. Men Cathrina Elisabeth Dedekam var så kapitalsterk at tidsfaktoren ikkje spelte så stor rolle for ho. Bildet av ei viljesterk kvinne blir forsterka når ein veit at det var skyldfolk ho var villig til å utkonkurrere. Og bøndene var ho slett ikkje mildare mot, dei styrte ho med hard hand. Derfor blei ho, som dei andre trelasthandlarane, dømd til å betale store erstatningar fordi kjøpmannsvarene i betaling for tømmer var prisa for høgt.

Resultatet av arbeidet til Lofthus-kommisjonen var eit pålegg til tømmerhandlarane om å oppnemne ein eigen leiar for fløtinga, og det blei sett opp ein plan for å rydde opp i vassdraget. Madam Dedekam såg nå at dei økonomiske interessene hennar i vassdraget var truga. Ho hadde brukt tømmerfløtinga som lekk i eigen monopolpolitikk, og ho nekta derfor å skrive under protokollen som skulle konfirmere paboda. Men bøndene i



opplandet og dei mindre trelasthandlarane hadde felles interesser som kommisjonen støtta, og dermed tvinga staten fram fellesfløtinga (Vevstad 1987:50). Kva skjedde så?

Etter at madam Dedekam hadde innsett at ho ikkje ville lykkast i planane, endra ho kurs og omstilte seg. Ved neste møte i Fellesfløtinga underteikna både ho og to andre enker, Helene Salige Chr. Gregersen og Margrethe Salige Søren Dedekam. Og ikkje nok med det! Fire år etter lét ho seg velje til elveforstanderske. Det var eit tungt verv som mellom anna innebar at ho ikkje berre var leiar, men at ho òg måtte ha rekneskapan for Fellesfløtinga. Rett nok stilte ho som krav at ho skulle ha eigen fullmektig til hjelp, men like fullt var det ho som var elveforstandersken. Madam Dedekam hadde erobra ein av dei viktigaste maktposisjonane innan trelasthandelen, som normalt ville ha vore ein mannsbastion.

I Arendal var det òg kvinnemonopol på kran og kjølhaling av skip. Kjølhaling av skip innebar at ein krenge skipet for å reingjøre, skrape, tjøre, male og reparere botnen av skipet. Det blei brukt eld for å gjøre skipssida fri for algevekst, difor var brannfaren stor. For å få kontroll med slikt verksemd, fagkunnskapen, materiallageret og skattegrunnlaget knytt til kjølhaling, kravde staten at dette skulle vere ei borgarnæring. Dermed var det ei privilegert næring på 1700-talet. Det første privilegiebrevet på kjølhaling av skip og fartøy i Arendal fekk Madame Ellen, salig Søren Pedersens enke. På strandområdet i Kolbjørnsvik kunne ho leie kjølhaling av to skip samtidig. Sjølv om ho fekk retten i kraft av den avdøde mannen sin, var det likevel ho som kvinne som tok den formelle avgjerda om å gå i gang med denne innbringande næringa i sjøfartsbyen Arendal. I 1740 fekk ho monopol på denne verksemda for 30 år i Arendal tolldistrikt (Dannevig 1973:31).

## **Kvinner i leiinga på jernverk og i gruvedrift**

Det finst òg eksempel på eit kvinnestyrt jernverk på Agder. Forutan trelasthandel og skipsfart, var gruveverksemd og jernverk næringar i vekst på 1700-talet. Thomas Ellefsen og sonen Ellef dreiv trelasthandel og var reiarar i Arendal. Thomas Ellefsen dreiv òg Solberg gruve saman med svogeren Hans Tyske. Då sonen Ellef skulle ta over, ønskte han å løyse opp fellesskapan med

Tyske. Men den gang ei. Her støyte han på ei kvinne med jernvilje, faster Karen. Ho styrte handelshuset og var slett ikkje villig til å gi frå seg roret og Solberg gruve, går det fram av rettsdokument (Hansen 1903:73–78).

Ellef Thommessen kjøpte Egeland Jernverk ved Risør, men døydde kort tid etter i 1725. Enka, madam Margrethe, tok over og dreiv verket fram til 1740, då sønene overtok. Ho førte sjølv saker som hadde med gruvedrift å gjøre, m.a. ei sak om Neskilen gruver. Jonas Hansen skriv i boka om Egeland verk at ho var ein særleg dyktig leiar.

Vi kan supplere tidsbildet med å trekke inn madam Jørgensen frå Flosta. I 1792 var ho første leverandør av feltspat til Den Kongelige Danske Porcelainsfabrik i København. Mannen hennar var 20 år eldre, han sto seg godt økonomisk, men var svaksynt og på slutten nesten blind. Derfor blei det kona Bergitte (f. 1750) som styrte økonomi og forretning, og ho hadde ei tenestejente til å ro seg rundt i området på leit etter feltspat. Ho fann det ho leita etter, og feltspaten var så rein at ho fekk avtale med København. Korrespondansen førte ho sjølv. Det blir fortalt at madam Jørgensen sende doble leveransar til København, ho visste at dei neppe ville sende lasta i retur!<sup>7</sup> Madam Jørgensen var ikkje enke, ho fann ein nisje for ny næringsverksemd og styrte sjølv. Og ho blei høgt respektert i samtida.

## Kulturell frigjoringstid fram mot 1814 – følgt av tilbakeslag

Parallelt med økonomisk framgang var tiåra fram mot 1800 ei kulturell frigjoringstid og ei frigjoringstid for individet. Det kulminerte med Eidsvollsforsamlinga våren 1814. Impulsar kom frå den amerikanske frigjoringkampen og den franske revolusjonen. På Agder målbar Lofthusørsla fridomskampen.

Haugerørsla var ei religiøs vekking, slik Bjørg Seland skriv i sin artikkel. Men Hauge var òg næringsutviklar, og vi veit at han sidestilte kvinner og menn i arbeidslivet. T.d. fekk Guro Myllar viktige oppgåver då ho blei vakt, og ho reiste med Hauge frå Gjøvdal i Åmli til papirfabrikken på Fennefoss på Evje. I Haugerørslas første tiår fekk også kvinnene viktige

7 Personalia, Jørgensen. AAKs.

posisjonar i organisasjonen. Hauge peika ut kvinner, men det var likevel ikkje moderne foreiningsdemokrati.

I ein analyse av forfattaren Engvald Bakkans trilogi *Krossen er din* peiker Aasulv Lande på siste del av 1700-talet som ei frigjörungstid. Stikkord var protestar mot stat, kyrkje og prestemakt. Gammal tru og overtru med førkristne drag blir henta fram som mottrekk mot kyrkjemakt. Folk godtok òg jamstilling mellom kjønna i kyrkja. Kvinner fekk leiaransvar, og i *Krossen er din* formidlar Bakkan bygdefolks kvinnesyn: Sterke kvinner fekk utfalde seg (Lande 2009:115–129).

Som vist fell økonomisk oppsving og eit næringsliv i vekst på slutten av 1700-talet saman med auke i kvinneleg leiarskap, både formelt og reelt. Sjølv om dette er mest synleg i borgarskapet i Arendal, finn vi òg innslag på landsbygda. Også kvinnelege religiøse leiarar var akseptert. I det heile var det allmenn aksept for kvinneleg leiarskap – sterke kvinner som tok føring.

Tida like etter 1814 var ein økonomisk nedgangsperiode for Agder. Dette hadde samanheng med at foreininga med Danmark blei erstatta av union med Sverige. Samstundes kom vi i eit motsetnadsforhold til England, som nå straffa Norge med høge tollmurar som særleg ramma trelasthandelen. Gamle marknader forsvann og rike handelshus bukka under (Hodne 1981:51).

Det blei stille rundt kvinnene etter 1814. Også Haugerørslas andre fase er prega av eit anna og mindre liberalt kvinnesyn. Kvinnene fekk aldri den same frie stillinga i dei seinare vekkingane som Hauge hadde gitt dei (Blom 2005:235). Dette heng òg saman med europeiske straumdrag i tida. Napoleonstida var eit tilbakeslag for dei rettane kvinnene hadde fått etter den amerikanske frigjøringskrigen og den franske revolusjonen. Den privatrettslege lovsamlinga Code Civil frå 1804 skapte eit rettssystem for heile Frankrike som reiv bort grunnen under dei fleste juridiske forbetringane som revolusjonen hadde brakt for kvinnene. I det gamle standssamfunnet hadde kvinna status og rettar i kraft av familietilknytning. Dette mista ho då ho blei berar av borgarlege rettar etter den franske revolusjon (Hagemann og Krogstad 1994:14). Kvinnene var nå umyndige, og derfor utan rettar utanfor familien. I ekteskapet var det nå berre ein autoritet, og kvinna blei derfor oppfatta som juridisk ikkje-eksisterande. Meir autoritære styresett førte også til sterkare kontroll med kvinneaktivitet (Blom 1992:333–335).

Då den liberale norske konstitusjonen av 1814, som var ein av verdas friaste på dette tidspunktet, blei utforma, inkluderte heller ikkje den kvinnene i sitt omgrep om borgarrettar (Hagemann og Krogstad 1994:13).

## **Kvinnene i arbeidslivet etter 1850 – seglskutetidas gullalder**

Tida etter 1850 var igjen ei økonomisk oppgangstid for Agder. Det var særleg skipsfarten som hadde framgang, og tida er kalla «seglskutenes gullalder». Grunnlaget for veksten var liberaliseringa av internasjonal handel med opphevinga av Navigasjonsakta i 1850 som startskotet. Tri år etter var det krig. Krimkrigen frå 1853 til 1856 var ikkje langvarig, men det var dei store sjøfartsnasjonane som var i krig. Fordi Norge var nøytralt land, kunne norske reiarar ta del i ein eksplosiv fraktfart med skyhøge frakter til og frå krigsområdet. Frå verft og byggeplassar på Nedenes-kysten blei det bygd alle dei skutene skipsbyggingsnæringa kunne levere, etterspørselen var uinnskrenka. Gammal kunnskap blei tatt i bruk, og frisk kapital blei sett inn i skipsfartsnæringa. Trelasthandel, skipsbygging og skipsfart var på nytt i vekst. Arendal var landets største sjøfartsby i 1870-åra – i ei tid då Norge var nummer tri i verda. Skapte dette endringar for kvinnene?

Gode tider for skipsbygging og skipsfart sette igjen fart i det gamle systemet vi såg på slutten av 1700-talet: kvinneleing på kystgarden. Mannen sigla til sjøs medan kvinna dreiv garden. Dette var ikkje formell leing, sidan det var mannen som sto oppført som eigar. Men kvinna var den reelle leiaren, og ho styrte med hjelp av innleidd arbeidskraft.

I ein punktanalyse for sjøfartskretsen Nedenes i Øyestad har Gustav Sætra vist korleis dette systemet fungerte. Overskot frå sjøen blei investert i jord. Under høgkonjunkturen i året 1875 var det kvinnfolka som styrte veldrivne gardar. Dei drog inn mannleg reservearbeidskraft. Det kunne vere svenskar eller mannfolk vestfrå som kom som arbeidsvandrarar. Ofte kom vestlendingane saman med barneflokkar som fekk arbeid som hju-ringar (Sætra 1989:110–137).

Sætras analyse av Nedenes krets stemmer godt med det materialet eg har gått gjennom for nabobygda Fjære i Grimstad. Eit eksempel er garden

Ribe. Kjeldene viser at mannfolka på Ribe var engasjert i skipsfart i fleire yrke: som skipsbyggmeister på eigen verv, skipper eller sjømann med skuterpartar. Garden dreiv kvinnfolka. Slehta fortel at dei kvinnene som kunne «husholdrere», var høgt respektert på Ribe og elles i bygda. Og både svenskar, barnevandrarar og folk vestfrå likte godt å vere administrert av kvinner. Dei blei tatt godt vare på, noen blei ein del av familien, og mange busette seg i bygda (Aanby 1998:244–277).<sup>8</sup>

Systemet med kvinnestyring i mannens fråver blei igjen aktuelt i Arendal i andre halvpart av 1800-talet. Borgarskapets kvinner fekk nye leiarposisjonar. Nå var det ikkje berre som enker dei gjekk over på mannens domene, dei kunne jamvel styre eiga krambu. Olav Anton Aalholm skriv om dette i boka om handelshuset Thommesen-Smith (Aalholm 1983:144–151):

I de tidligere dager, dengang da Arendals kjøpmenn også hadde vært skipskapteiner, da hadde det vært vanlig at madamene foresto krambodhandelen som chef hele den tid mennene var til sjøs. Og de forestod den så glimrende at en av byens sogneprester engang uttalte i en embedsattest, som skulle like til Kongen, at som byens menn hadde geni for sjøen, således hadde dens damer talent for handel. I den senere tid var det gått mer av mote at madamen befattet seg med handelen. Dels skyldes dette den omstendighet at kombinasjonen som kjøpmann og skipper var slutt. Men dessuten skyldtes det nok at det likefrem ble betraktet som mindre comme il faut for en dame som ville regnes med i det selskapelege. Ikke desto mindre forekom det at Arendalsdamer hevdet sitt gamle ry for forretningstalent. Den kanskje mest fremtredende og vel også den siste av dem var madame Hanne Thommesen.

Madam Hanne Thommesen (1807–1876) er eit eksempel på kvinnestyre av krambuhandel i siste del av 1800-talet i Arendal. Hanne Thommesen hadde bygd opp krambuia i byen, og i enkestand sat ho òg i uskifta bu og vakta det rikaste handelshuset i byen.

Madam Thommesen var både reell og formell leiar. Ho og andre kvinner i byen var respekterte for at dei var dyktige leiarar sjølv om dei var

---

8 Salve Johnsen Vik blei som vaksen mann skipsbyggmeister i Vikkilen. Han kom som barnevandrar til Ribe, og fekk opplæring på Ribeverven.

over på mannens arena. Dette viser ei positiv haldning til kvinner i arbeidslivet på slutten av 1800-talet i Arendal.

Kvinner kunne òg vere reiarar. Partreiarssystemet var innretta slik at kvar skute var eit eige reiarlag. Ofte var det jenter som fekk desse skipspartane i arveoppgjør. For i bondefamiliar var det slik at gutane tok over gardsbruket gjennom odels- og åsetesretten. Jentene måtte ein kjøpe ut, og ein grei måte å gjøre dette på var å la jentene få skipspartar. Med arvepartar kunne kvinner møte opp på generalforsamling. Dermed hadde dei både reell og formell makt. Gustav Sætra har vist at firmaet O. T. Tønnevold blei bygd opp på slike arvepartar frå garden Hardeberg som Gunhild Tønnevold kom frå (Sætra 2007:274 og 275). Kvinnene blei òg skipsreiarar på ein annan måte. Som enker kunne dei ta over reiarlaga etter mannen sin.

Ein gjennomgang av likningsprotokollane for Grimstad og Fjære frå 1871 til 1910 viser at 68 kvinnelege reiarar eigde 276 partar. Desse reiarane var både enker, gifte og ugifte kvinner.<sup>9</sup>

## Kvinnefrigjøring og nye kvinneyrke på slutten av 1800-talet

Slutten av 1800-talet var prega av indre spenningar i det norske samfunnet. Det førte til folkeleg og kulturell bløming med ulike organisasjonar som hadde ein brodd mot den mannsdominerte embetsmannskulturen og embetsmannsstyret. Kvinnerørsla var ein viktig del av denne motkulturen i samtida. Tida gav òg rom for nye kvinneyrke som t.d. kontordame, telegrafistinne og lærarinne. Kan vi finne eksempel på kvinnefrigjøring og nye kvinneyrke i Aust-Agder på slutten av 1800-talet?

Nedenskysten hadde særleg mange lærarinner, og skilte seg med det ut på landsbasis. I 1882 hadde Nedenes 30 lærarinner, Lister og Mandal 2. Same året var det rundt 170 lærarar i kvart amt. Årsaka til dei mange lærarinnene i Nedenes var at det hadde vore høve til å ta «lærerindeprøver» ved private kurs i Fjære, Grimstad, Kolbjørnsvik og Arendal (Slettan 1998:294).

Når vi veit at dei fleste kvinnene kom frå sjøfartsmiljøa på Nedenskysten, stemmer det godt med bildet om at terskelen var låg for kystkvinnene

<sup>9</sup> Likningsprotokollar for Fjære og Grimstad.

12/3/77  
179/79

Eksamensvidnesbyrd.

Marie Omundsen Aabie

af Quesleda Frostegård født den 28<sup>de</sup> April 1836  
 har bestået Kandidaturen i Lærskolen med høit Be-  
 myndet af 16<sup>de</sup> Decbr. 1877 foruden af anden eller høiere  
 se Grad med Karakterer:

For den theoretiske Prøve: Meget godt 16 Grad.

For praktiske Eruerbarhed: Meget godt 16 Grad.

Det bemærkes at hun har meget god Sprogbevidsthed og  
 god Gre for æstetik.

Med foranvendte Prøver har Marie Omundsen  
 erhvervet følgende specielle Karakterer:

For Høisindsværskendskab -	Bemærket godt
• Mådermaal - - - - -	Meget godt.
• Regning - - - - -	Meget godt.
• Geografi - - - - -	Udmerket godt.
• Historie - - - - -	Udmerket godt.
• Skrivning - - - - -	Meget godt.
• Salmadiktning - - - - -	Meget godt.
• Tænsighed: kvindeligkønnes bevidsthed -	Meget godt.

Fjære skole den 9<sup>de</sup> Decbr. 1876.

O. Andersen Lær.	L. Løvén Høisindsværskend Lær.	J. Røed skolelær.
---------------------	--------------------------------------	----------------------

Eksamensvitnemål frå lærarinnekurs i Fjære 1876 til Marie Omundsen Aabie.

i Aust-Agder for å ta del i arbeidslivet når tilhøva låg til rette. Desse kursa som førte til eit yrke, må òg ha betydd mykje for at nettopp jenter skulle få utdanning og yrke i området der skipsfartsnæringa hadde si blømingstid. Det var med på å brøyte veg for likestilling i arbeidslivet, og mange av jentene som gjekk her, opplevde personleg vekst og utfalding. Helene Ugland, som blei aktiv i kampen for kvinnesak og sosialisme, hadde gått på Stensvands lærarinnekurs. Ho skreiv: «Det var under oppholdet ved denne skole at de frie tanker først begynte at dæmre i min sjæl» (Fløystad 1993: 66).

1905 blei eit merkeår. Då mennene hadde hatt si folkeavrøysting 13. august 1905 om unionsoppløysinga med Sverige, samla kvinnene inn underskrifter som ein protest mot at dei ikkje fikk delta. I Nedenes amt blei det samla inn heile 13 000 kvinneunderskrifter, på landsbasis 244 000. Dette sterke kvinneengasjementet i Nedenes amt betydde mykje for kampen om stemmerett og kvinners rettar i det heile (Fløystad 2005/06:16).

## Oppsummering

Samfunnsforskaren May-Linda Magnussen har stilt spørsmål ved om forskjell i hushaldsøkonomi og arbeidskultur frå gammalt av kan forklare kvifor agderkvinner, og spesielt kystkvinner, i dag skårar så lågt på likestilling i arbeidslivet.<sup>10</sup>

Det er ikkje grunnlag i kjeldene for å utføre ei fullgod vitskapleg undersøking der ein samanliknar likestilling i arbeidslivet før og nå. Aust-Agder i det førindustrielle samfunnet var dessutan heilt ulikt det samfunnet kvinnene fungerer innanfor i dag.

Likevel meiner eg å kunne vise at det som eit hovudtrekk ikkje har vore kultur for å stenge kvinnene i Aust-Agder ute frå eit arbeidsliv, som tradisjonelt har vore mannsdominert, i det førindustrielle samfunnet. Men kvinnelig deltaking i arbeidslivet på mannens arena er særleg knytt til oppgangstider og overklassen. Det var først og fremst i mennenes fråver at kvinnene fekk utfalde seg. Arbeidslivet på kysten av Aust-Agder hadde ein slik struktur at mannsfråver var eit mønster, spesielt i oppgangstider. Når Magnussen

---

10 PowerPoint laga av May-Linda Magnussen til Agderseminaret 2008.



peiker på at det er kystkvinner som skårar spesielt lågt på likestilling i dag, blir dette nærast ein kontrast til det førindustrielle kystsamfunnet i Aust-Agder. Skal ein finne forklaringar på låg skåre for likestilling i arbeidslivet i dag, må ein leite med større breidde – og etter andre samanhengar.

## Kjelder

### Aust-Agder kulturhistoriske senter (AAks)

Arendal Trelasthandleres forhandlingsprotokoll 1789–1852.

Personaliasamlinga: Jørgensen.

Fjære kommune, pkt. 3.6.1 og 3.6.2. Likningsprotokoller for skipsredere 1870–1882, 1882–1913.

### Private dokument

Gardsarkiv frå bnr. 1, Bjørnestrø i Fjære. Eigar 1984: Kristian Nybo.

### Riksarkivet

Kommersekollegiet. Produksjons- og fiskerifaget. Nr. 1327. C. H. Prams reisebeskrivelse.

### Litteratur

Aalholm, Olav Anton. 1983. *Handelshuset Thommesen-Smith*. Arendal: Rygene – Smith & Thommesen A/S.

Aanby, Anne Tone. 1976. *Befolkningsvekst og samfunnsforhold i Øyestad sogn på Agder fra 1660 til 1800*. Hovudoppgåve i historie ved Universitetet i Bergen våren 1976.

Aanby, Anne Tone. 1998. *Fjære bygdebok. Håbbestad krets*. Grimstad: Bygdeboknemnda, Grimstad kommune.

Beauvoir, Simone de. 2000 (1. utg. 1949). *Det annet kjønn*. Oslo: Pax forlag.

Blom, Ida. 1992. Frihet, likhet og – brorskap. I *Cappelens kvinnehistorie II*. Oslo: Cappelen.

Blom, Ida og Sølvi Sogner (red). 2005. *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*. Oslo: Cappelen.

Dannevig, Birger. 1973. *Arendal gjennom skiftende tider*. Utgitt av Arendal kommune i anledning av 250-årsjubileet som kjøpstad 7. mai 1973. Kragerø: Naper Boktrykkeri.

Fløystad, Ingeborg 1993: Lærerinneutdanning og de første utdannede lærerinner i Agder 1874–1890. I *Agder Historielags årsskrift nr. 69*. Kristiansand: Agder Historielag.

- Fløystad; Ingeborg 2005–2006: 1905 og kvinnene i Nedenes amt. I: *Aust-Agder-Arv. Årbok 2005-2006*. Arendal: Aust-Agder kulturhistoriske senter.
- Foss, Frithjof. 1998 (1. utg. 1893). *Arendals Byes Historie*. Arendal: Arendal Historielag.
- Hagemann, Gro og Anne Krogstad. 1994. *Kvinner som vil. I: Høydeskrekk. Kvinner og offentlighet*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Hansen, Jonas. 1903. *Egelands jernverk*. Porsgrunn.
- Hodne, Fritz. 1981. *Norges økonomiske historie 1815–1970*. Oslo: Cappelen.
- Lande, Aasulv. 2009. Kyrkja i Åmli mellom 1700 og 1907. I *Åmli Kyrkje 100 år. Åmli 2009*.
- Magnussen, May-Linda. 2005. *Arbeid ute og hjemme. Sørlandske mødres valg og vurderinger*. Rapport fra prosjektet Likestilling og arbeidsliv på Agder. Agderforskning FoU-rapportnummer 7/2005.
- Magnussen, May-Linda. 2007. *Likestilling i kommune- og fylkesplaner på Agder. Agderforskning, FoU-rapport nr. 4/2007*.
- Slettan, Bjørn. 1998. *Agders historie 1840-1920*. Kristiansand: Agder Historielag.
- Sætra, Gustav. 1980. *Embetsmann – Bonde – Borger – konflikten mellom trelasthandlere i Arendal og bøndene i opplandet 1782-1795*. Hovudoppgåve i historie ved Universitetet i Bergen 1980.
- Sætra, Gustav. 1989. Med beina i vannet. Skipsfart og gårdsdrift i Nedenes krets i 1875. I: *Sjøfolks hverdag*. Kristiansand: ADH-skrift 1989:14.
- Sætra, Gustav 2007: Kvinner og skipsfart. I *Aust-Agder-Arv. Årbok 2007*. Arendal: Aust-Agder kulturhistoriske senter.
- Vevstad, Andreas. 1987. *Arendalsvassdraget – vassdrag i samfunnets tjeneste. Arendals Vasdrags Brugseierforening: 1907-1912-1987*. Arendal: AVB.